



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/166 - 16/1729

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
28.01.2016

Førebels svar - trong for tilleggsinformasjon - Gbnr 175/16 Skår

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Seim Bygg AS

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Vi viser til Dykkar søknad om eitt trinn løyve, motteken med vedlegg den 15.01.2016.

Søknaden gjeld utslepp av sanitært avløpsvann frå bustad og hytter på 25 pe samt å sette ned ny slamavskiljar på gbnr 175/2. Det er eitt nytt utslepp frå gbnr 175/16 og rehabilitering av eksisterande utslepp frå gbnr 175/3-30-31 og 32.

VURDERING

Søknaden kan ikkje handsamast på grunn av fylgjande tilhøve:

Kommundelplan 2011-2023 – dispensasjon

Eigedomene gbnr 175/2 er i kommuneplanen definert som LNF område. Å sette ned ein slamavskiljar strider mot planen. For å kunne sette ned ein slamavskiljar, må ein søke og få innvilga dispensasjon.


Det må søkast om dispensasjon for å sette ned slamavskiljar i LNF område i kommuneplanen. Dispensasjonen skal nabovarslast.

Søknad

Søknaden er kun signert av ansvarleg søkjar. Det må leggjast ved fullmakt eller signatur på søknadsskjema for heimelshavarar av eigedomane gbnr 16,3,30,31 og 32.



Kommuneplan 2011-2023. LNF er markert med grønt. Bustad er markert med gult.



Nabovarsel

I søknad om utsepp er det kryssa av for at vedlegg f som gjeld nabovarsel er lagt ved. Vi finn ikkje denne dokumentasjonen vedlagt.

Situasjonskartet viser at leidningane frå bustadene kryssar Fv. 401 til ny slamavskiljar på gbnr 175/2. Statens Vegvesen, som eigar av Fv. 401, er ikkje varsla om tiltaket.

Plassering


Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 06.01.2016.

Situasjonsplanen er ikkje målsett. Vi må vite avstand til nabogrense, veg, leidningar samt byggegrense.

Det er uklårt kor slamavskiljaren skal plasserast sidan situasjonsplanen ikkje er målsatt. Det er uklart om slamavskiljaren skal plasserast der det allereie er ein kum. Kummen er registrert 14.05.2012.

I kommuneplanen er det sett 15 meter byggegrense mot fylkesveg 401. Det må gå fram av situasjonsplanen kva avstanden er frå slamavskiljar til vegmidte. Dersom tiltaket er plassert nærare enn 15 meter, må det sendast inn søknad om dispensasjon frå byggegrense mot fylkesvegen. Lindås kommune vil senda ein eventuell dispensasjonssøknad til Statens Vegvesen for uttale.

Det må opplysast kven som eig kummen, og evt. brukarrettigheitar. Det må opplysast om avstand frå kum til slamavskiljar.



Teikningar

Det er stadfesta over telefon med Stusdal VVS i dag 28.01.2016 at eksisterande leidning mot sjø skal nyttast, samt eksisterande leidning som går frå gbnr 175/30 og gjennom fylkesvegen.

- om eksisterande slamavskiljarar er ein del av Lindås kommune si slamtømmeordning
- kor langt ut i sjø fellesleidninga går og kor djupt han går
- kor mange bueiningar eksisterande fellesleidning er godkjent for
- om fellesleidninga har tilstrekkelige dimensjonar for det samla utsleppet
- dokumentasjon på at fellesleidninga er intakt langs heile strekninga
- kva for nokre brukarinteresser det er i området slik som drikkevannsinteresser og badeplasser m.m.

Vi ber om at dokumentasjon vert sendt inn samla innan 01.03.2016. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Seim Bygg AS

Nesbrekka 28

5912

SEIM